



Til einingane / tilsette

Dok. ref.

12/337-5/K1-515//KMO

Dato:

Manger: 21.02.2012

FERIEAVVIKLING PLEIE OG OMSORG RADØY KOMMUNE *REVIDERT 19.12.16*

Det er ei plikt i lova at alle avviklar ferien i løpet av ferieåret. Arbeidsgjevar har plikt til å sjå til at ferie blir avvikla. Arbeidstakar har plikt til å ta ut ferie.

Det er eit mål for Radøy kommune at den tilsette skal kunne få informasjon om tida for ferie i god tid, samstundes som at drifta ved eininga vert ivareteke på ein fagleg forsvarleg måte.

I den samanheng har vi utarbeidd følgjande retningsliner for planlegging av ferie.

Hovudferie:

Alle har rett til å avvikle 3 veker (18 dagar) hovudferie mellom 01.06 og 30.09 kvart år. (Gjeld ikkje arbeidstakarar som tek til i kommunen etter 15.august i ferieåret).

I pleie og omsorg tar vi utgangspunkt i 8 veker mellom 18.juni – 18.august. Oppstart vert den veka der måndag er nærast den 18.06. T.d. fell 18. på ein torsdag, vert oppstart måndag veka etter. Pulje 1 startar veke 1 av desse 8, pulje 2 startar veke 5 av desse 8 .

Arbeidsgjevar vil prøve å legge til rette for at du får ta ut 4 veker i hovudferien, og du skal veksle mellom pulje 1 og 2 anna kvart år.

Om ein tilsett har særskilte behov i høve ferieavvikling, så kan ein søka skriftleg til Einingsleiar innan 31. januar. Arbeidsgjevar legg då til rette så langt det er muleg sett opp mot drift og fagleg forsvarlegheit.

Restferie:

1. pulje skal avvikle 5. veka om hausten og 2. pulje om våren dersom du har teke ut 4 veker i hovudferien. Har du berre avvikla 3 veker i hovudferien, kan ein avvikle 1 veke vår og 1 veke haust.

Dei over 60 må avtale si 6.veke med Einingsleiar i så god tid som mogeleg, seinast to veker før avvikling, slik at Einingsleiar kan planleggje forsvarleg drift.

Arbeidstakar kan krevje at tidspunkt for ferieavvikling er klarlagt seinast to månader på førehand.

Søknad om overføring av ferie skal skriftleg leverast Einingsleiar innan 01.november.

Nina Kvamme Leknes
Rådgevar helse og omsorg